



**Møteprotokoll  
for  
Utval for drift og utvikling**

**Møtedato:** 01.09.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 - 17:40

Møtet vart styrt av utvalsleiar Atle Håtuft.

Møtet var innalla i skriv datert 24.08.2015 og ei sak vart ettersendt 31.08.2015.

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Atle Håtuft	FrP	Utvalsleiar
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Ture Andersen	Uavh	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Henriette Fennelly	FrP

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, byggjesakskonsulent / juridisk rådgjevar Tore Johan Erstad og skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen.

Protokollfører: Anny Bastesen

Utval for drift og utvikling  
10. 09.2015

Atle Håtuft  
leiar

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
51/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
52/2015	Godkjenning av møtebok
53/2015	Referatsaker
54/2015	Delegerte saker
55/2015	Mindre endring av reguleringsføresegner - Reguleringsplan for delar av gnr 24 bnr 5 og 7 Langeland, PlanID1256 2003 1126
56/2015	Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 2.gongs høyring.
57/2015	Høringsuttalelse - søknad frå Salar Bruk AS om ekspropriasjon av areal for tiltak i Rylandsvassdraget
58/2015	GBNR 6/23,24 og 32 - Klage over avslag på dispensasjon - Søknad om tilkomstveg til fritidsbustad
59/2015	Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av hytte til heilårsbustad på gbnr. 25/27 på Fosse i Meland kommune
60/2015	GBNR 8/5 - Gamle Vestbygd skule - Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF område - Ombygging til fire leilegheiter
61/2015	Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen sin arealdel for framføring av veg over gbnr. 9/7 til fritidseigedom på gbnr. 9/58 og 79 i Meland kommune
62/2015	Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av bustadhus/tun på gbnr 27/3, Moldekleiv
63/2015	Aktuelle saker

## **51/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Det var sendt ut ei tilleggssak.

Sak 57 vart flytta fram og handsama etter sak 54. Etter det vart saklista følgd.

### **UDU - 51/2015 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste med 1 tilleggssak og endra rekkefølge på saklista vert godkjent."

---

## **52/2015: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok frå møte 09.06.15 vert godkjent.

### **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 52/2015 VEDTAK:**

Møtebok frå møte 09.06.15 vert godkjent.

---

## **53/2015: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 53/2015 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **54/2015: Delegerete saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerete saker vert tekne til orientering.

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 54/2015 VEDTAK:**

Delegerete saker vert tekne til orientering.

---

## **55/2015: Mindre endring av reguleringsføresegner - Reguleringsplan for delar av gnr 24 bnr 5 og 7 Langeland, PlanID1256 2003 1126**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner reviderte føresegner datert 11.08.2015 for Reguleringsplan for delar av gnr 24 bnr 5 og 7 Langeland, med PlanID 1256 2003 1126.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova § 12-14 2. ledd og kommunen sitt delegasjonsreglement.»

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 55/2015 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling godkjenner reviderte føresegner datert 11.08.2015 for Reguleringsplan for delar av gnr 24 bnr 5 og 7 Langeland, med PlanID 1256 2003 1126.

Vedtaket er fatta med heimel i Plan- og bygningslova § 12-14 2. ledd og kommunen sitt delegasjonsreglement.»

---

## **56/2015: Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 2.gongs høyring.**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret meiner at den regionale planen for vassregion Hordaland gir eit godt innblikk i vassstilstanden i kommunens vassførekomstar og over framtidige utfordringar, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret har ingen nye høyringsinnspel då Meland kommune har fått gjennomslag for å få utvida frist for enkelte av kommunens vassførekomstar.»

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 56/2015 FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Kommunestyret meiner at den regionale planen for vassregion Hordaland gir eit godt innblikk i vasstilstanden i kommunens vassførekomstar og over framtidige utfordringar, jf. saksutgreiinga. Kommunestyret har ingen nye høyringsinnspel då Meland kommune har fått gjennomslag for å få utvida frist for enkelte av kommunens vassførekomstar.»

---

## **57/2015: Høringsuttalelse - søknad frå Salar Bruk AS om ekspropriasjon av areal for tiltak i Rylandsvassdraget**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling har ingen merknader til at Salar Bruk AS får samtykke til ekspropriasjonen i samsvar med vilkår i konsesjonen. Utvalet ber NVE vurdere å knytte vilkår for ekspropriasjonen med omsyn til kulturminne, friluftslivet, naturverdiar og vassdragets vernestatus. Bakgrunnen for vedtaket går fram av administrasjonen si saksutgreiing og vurdering.»

## **09.06.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 50/2015 VEDTAK:**

"Saka vert utsett, jf UDU.sak 039/2015."

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **Framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H:**

«Utval for drift og utvikling i Meland kommune har vurdert søknad datert 19.12.2014 om oreigning frå Salar Bruk AS ved advokatfirmaet Harris, oversendt kommunen til uttale i brev frå NVE datert 11.05.2015.

Utvalet meiner det er godtgjort frå Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget at konsesjonen av 07.09.2001 ikkje lenger gjeld, då denne fell bort om arbeidet konsesjonen gjev løyve til vert innstilt i meir enn to år, noko vi ser er tilfelle.

Utvalet er og av den oppfatning at søker ikkje i tilstrekkeleg grad har søkt å få til ei frivillig ordning med tekniske og økonomiske virkemiddel. Vi meiner dette burde vore mogeleg, og at alle partar burde kunne strekke seg lenger for å få til ei minneleg ordning.

Vasslaget gjer i brev uttrykk for stor uro med omsyn til konsekvensane av tiltaket ved stor nedbør og flom. Utvalet meiner dette best kan avklarast ved ei ny konsesjonshandsaming.

Det kan vera tvil om dette tiltaket er heimla i Vassresurslova paragraf 51, då den ikkje nemner anlegg på land, slik det her er snakk om.

Utval for drift og utvikling rår til at heimel til oreigning ikkje vert gjeven, og at det må søkjast om ny konsesjon, subsidiert at heimel ikkje fins i Vassresurslova, og at saken derfor vert å handsama av Meland kommune som regulerings sak etter reglane i plan- og bygningsloven.

*Brev frå Vasslaget vert å følgje vedtaket.»*

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H, fekk 9 røyster for (FrP, Uavh, H, AP, MDG, V og SP) og er såleis vedteke.**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for og fall.**

**UDU - 57/2015 – SAMRØYSTES VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling i Meland kommune har vurdert søknad datert 19.12.2014 om oreigning frå Salar Bruk AS ved advokatfirmaet Harris, oversendt kommunen til uttale i brev frå NVE datert 11.05.2015.

Utvalet meiner det er godtgjort frå Vasslaget av 1974 for Rylandsvassdraget at konsesjonen av 07.09.2001 ikkje lenger gjeld, då denne fell bort om arbeidet konsesjonen gjev løyve til vert innstilt i meir enn to år, noko vi ser er tilfelle.

Utvalet er og av den oppfatning at søker ikkje i tilstrekkeleg grad har søkt å få til ei frivillig ordning med tekniske og økonomiske virkemiddel. Vi meiner dette burde vore mogeleg, og at alle partar burde kunne strekke seg lenger for å få til ei minneleg ordning.

Vasslaget gjer i brev uttrykk for stor uro med omsyn til konsekvensane av tiltaket ved stor nedbør og flom. Utvalet meiner dette best kan avklarast ved ei ny konsesjonshandsaming.

Det kan vera tvil om dette tiltaket er heimla i Vassresurslova paragraf 51, då den ikkje nemner anlegg på land, slik det her er snakk om.

Utval for drift og utvikling rår til at heimel til oreigning ikkje vert gjeven, og at det må søkjast om ny konsesjon, subsidiert at heimel ikkje fins i Vassresurslova, og at saken derfor vert å handsama av Meland kommune som regulerings sak etter reglane i plan- og bygningsloven.

*Brev frå Vasslaget vert å følgje vedtaket.»*

---

**58/2015: GBNR 6/23,24 og 32 - Klage over avslag på dispensasjon - Søknad om tilkomstveg til fritidsbustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 28.4.2015, UDU-sak 34/2015 vert endra.

Klagen vertdifor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 58/2015 SAMRØYSTES VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 28.4.2015, UDU-sak 34/2015 vert endra. Klagen vertdifor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

---

### **59/2015: Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av hytte til heilårsbustad på gbnr. 25/27 på Fosse i Meland kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel – for bruksendring av eksisterande fritidsbustad på gbnr. 25/27 i Meland kommune til heilårsbustad – i samsvar med søknad dagsett 11.6.2015 og vurderinga over.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspålyktige byggjetiltak - under dette òg bruksendring - før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.

Gebyr for kommunen si sakshandsaming følgjer vedlagt.»

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 59/2015 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel – for bruksendring av eksisterande fritidsbustad på gbnr. 25/27 i Meland kommune til heilårsbustad – i samsvar med søknad dagsett 11.6.2015 og vurderinga over.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspålyktige byggjetiltak - under dette òg bruksendring - før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.

Gebyr for kommunen si sakshandsaming følgjer vedlagt.

---

## **60/2015: GBNR 8/5 - Gamle Vestbygd skule - Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF område - Ombygging til fire leilegheiter**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling i Meland kommune avslår med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og 11-6 søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for auking av talet på brukseiningar frå 2 til 4 på gbnr 8/5 i Meland kommune. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

### **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluft) i kommuneplanen sin arealdel, for planlagd bruksendring av gbnr. 8/5 i Meland kommune, jf. søknad om dispensasjon stempla motteke 19.5.2015 og vedlagte situasjonskart og teikningar motteke same dato.

UDU seier seg samd med administrasjonen i at korkje omsyna bak aeralplanen eller føremålsføresegnene til Plan- og bygningslova vert sett til side ved dispensasjon som omsøkt og at fordelene ved å gje dispensasjon som omsøkt vil vere klårt større enn eventuelle ulemper. Med omsyn til Statens Vegvesen sine merknader, finn ein dei ikkje å vere i samsvar med dei reelle tilhøva på staden. Den bruk det er søkt om vil innebere langt mindre trafikk enn det som har vore tilfelle frå 1921 og fram til barnehagen vart nedlagt i 2013. Huset har vore fylt av barn som har kome gåande eller med buss, og dei tilsette oftast med bil, utan at det har vore trafikkale problem. Det er busstopp i krysset nærast bygnaden, og trafikken er låg i området. Det er fri sikt i ca. 100 meter i kvar retning ved utkjøring på hovudvegen.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår, jf pbl § 19-2 første ledd:

- Dispensasjonen omfattar bruksendring til bustadføremål for inntil fire brukseiningar og eit mindre areal til næringsføremål tilknytt ei av bueiningane, innanfor eksisterande bygningsmasse og med tillegg av naudsynt parkering og uteopphaldsareal.
- Kvar bueining skal ha parkeringsdekning for minst to bilar. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsføremål vil det i tillegg kunne bli stilt krav om parkeringsdekning tilpassa behova til næringsdrifta.
- Kvar bueining skal ha minst 200m<sup>2</sup> leike-/uteopphaldsareal. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsføremål kan administrasjonen under handsaminga av slik byggesak likevel vedta at andre krav til uteopphaldsareal skal gjelde. Det same gjeld dersom det vert søkt om bueiningar med vesentleg ulik storleik.
- Det vert elles vist til dei tekniske krav som vert stilt til byggjetiltak gjennom kommuneplanen sin arealdel og Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette etter pbl. kap.20.»  
Saka vert oversendt til statlege og regionale mynde for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin.

#### **Avrøysting:**

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**



### **UDU - 60/2015 SAMRØYSTES VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluft) i kommuneplanen sin arealdel, for planlagd bruksendring av gbnr. 8/5 i Meland kommune, jf. søknad om dispensasjon stempla motteke 19.5.2015 og vedlagte situasjonskart og teikningar motteke same dato.

UDU seier seg samd med administrasjonen i at korkje omsyna bak arealplanen eller føremålsføresegnene til Plan- og bygningslova vert sett til side ved dispensasjon som omsøkt og at fordelene ved å gje dispensasjon som omsøkt vil vere klårt større enn eventuelle ulemper. Med omsyn til Statens Vegvesen sine merknader, finn ein dei ikkje å vere i samsvar med dei reelle tilhøva på staden. Den bruk det er søkt om vil innebere langt mindre trafikk enn det som har vore tilfelle frå 1921 og fram til barnehagen vart nedlagt i 2013. Huset har vore fylt av barn som har kome gåande eller med buss, og dei tilsette oftast med bil, utan at det har vore trafikkale problem. Det er busstopp i krysset nærast bygnaden, og trafikken er låg i området. Det er fri sikt i ca. 100 meter i kvar retning ved utkjøring på hovudvegen.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår, jf pbl § 19-2 første ledd:

- Dispensasjonen omfattar bruksendring til bustadføremål for inntil fire brukseiningar og eit mindre areal til næringsføremål tilknytt ei av bueingane, innanfor eksisterande bygningsmasse og med tillegg av naudsynt parkering og uteopphaldsareal.
- Kvar buening skal ha parkeringsdekning for minst to bilar. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsføremål vil det i tillegg kunne bli stilt krav om parkeringsdekning tilpassa behova til næringsdrifta.
- Kvar buening skal ha minst 200m<sup>2</sup> leike-/uteopphaldsareal. Ved søknad om bruksendring til kombinert bustad- og næringsføremål kan administrasjonen under handsaminga av slik byggesak likevel vedta at andre krav til uteopphaldsareal skal gjelde. Det same gjeld dersom det vert søkt om bueingar med vesentleg ulik storleik.
- Det vert elles vist til dei tekniske krav som vert stilt til byggjetiltak gjennom kommuneplanen sin arealdel og Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette etter pbl. kap.20.»  
Saka vert oversendt til statlege og regionale mynde for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin.

---

### **61/2015: Søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplanen sin arealdel for framføring av veg over gbnr. 9/7 til fritidseigedom på gbnr. 9/58 og 79 i Meland kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel, for framføring av veg over gbnr. 9/7, i samsvar med høvesvis søknad om dispensasjon journalført 20.10.2014, endra vegtrasé og supplerande opplysningar i brev m/ vedlegg frå tiltakshavar av 19.5.2015 og vurderinga over.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

- Veggen skal tilhøyra hovudbruket.
- Hovudbruket skal kunne nytte veggen til landbruksføremål.
- Veggen skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande terreng og omgjevnadane elles.

*På same vilkår samtykker Utval for drift og utvikling til omdisponering av omsøkt arealet frå dyrkbar jord til veggrunn, jf. Jordlova §9.*

*For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.*

*Det kan ikkje setjast i verk søknadspliktige byggjetiltak før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.*

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nyttainnan tre år, jf. pbl. §21-9.»

## **01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 61/2015 SAMRØYSTES VEDTAK:**

*«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå gjeldande arealformål i kommuneplanen sin arealdel, for framføring av veg over gbnr. 9/7, i samsvar med høvesvis søknad om dispensasjon journalført 20.10.2014, endra vegtrasé og supplerande opplysningar i brev m/ vedlegg frå tiltakshavar av 19.5.2015 og vurderinga over.*

*Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:*

- Veggen skal tilhøyra hovudbruket.*
- Hovudbruket skal kunne nytte veggen til landbruksføremål.*
- Veggen skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande terreng og omgjevnadane elles.*

*På same vilkår samtykker Utval for drift og utvikling til omdisponering av omsøkt arealet frå dyrkbar jord til veggrunn, jf. Jordlova §9.*

*For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.*

*Det kan ikkje setjast i verk søknadspliktige byggjetiltak før det er gitt naudsynt løyve i samsvar med pbl. kap. 20.*

Dispensasjonen fell bort dersom denne ikkje er nyttainnan tre år, jf. pbl. §21-9.»

---

## **62/2015: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av bustadhus/tun på gbnr 27/3, Moldekleiv**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

*«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for frådelling av bustadhus med tomt (hus nr. 2) på gbnr 27/3, jf søknad motteke 1.4.2015.*

*Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 27/3 som omsøkt. Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.*

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## 01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 62/2015 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for frådeling av bustadhus med tomt (hus nr. 2) på gbnr 27/3, jf søknad motteke 1.4.2015.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling og omdisponering etter jordlova §§ 12 og 9, for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 27/3 som omsøkt. Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

---

## 63/2015: Aktuelle saker

### Rådmannen sitt framlegg:

## 01.09.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Orientering frå administrasjonen: Dersom det er spørsmål om enkeltsaker, går det fint å ta kontakt med administrasjonen direkte i staden for å vente til eit UDU-møte, då får ein raskare svar.

Tormod Skurtveit, AP:

- Korleis kan kommunen ligge i forkant med reguleringsplanarbeid for strekningen Fløksand – Vikebø, slik at tiltaket kan klargjerast for snarleg gjennomføring?

**Administrasjonen orienterte om Nordhordlandspakken, om prosedyre for politisk prioritering av evt kommunalt planarbeid, om budsjett og politisk prioritering av midlar til planarbeid, om Statens vegvesen sine prioriteringar som vi ikkje kjenner.**

Ragnar Bratland: UDU ber om at det snarast vert teke initiativ til oppstart av reguleringsplanarbeid for dei vegane i Nordhordlandspakken som ikkje er regulerte.

Anne Grete Eide, AP:

- Er det slik at kommunen no automatisk seier nei til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, grunngjeve med at kommuneplanen sin areal del er ny?

**Administrasjonen: Kva sak blir vurdert for seg, uavhening av om kommuneplanen er ny eller ikkje.**

- Langs den kommunale vegen over Fosse er det parkert to store lastebilar, det gjer vegen utrygg. Kan dei stå der?

**Administrasjonen: Skal sjekke situasjonen.**

Ture Andersen, FrP:

- Det går rykter om at Bloms Fiskeoppdrett har trekt søknaden om å flytte oppdrettsanlegget til Holmeknappen, i staden vil dei plassere anlegget lenger sør.

**Administrasjonen: Det kjenner vi ikkje til.**

- Det har foregått ein viss aktivitet i Mongsedal, lekter med gravemaskin har lagt til i strandsona. Er det lovleg?

Silje Sæterstøl (V) oppklarte spørsmålet, det var eit sprengingsuhell i samband med bygging av naust og dei ansvarlege rydder opp og sikrer området på land.

- Ture Andersen lurte då på om det var lovleg å bygge naust der.

**Administrasjonen: Skal sjekke byggesaka.**

Jorun Brakstad, H:

- Det er framleis ulovleg utleigeleigheit i Galtenesvegen. Korleis kan dette gå til? Tiltaket er ulovleg og kommunen taper i tillegg kommunale avgifter.

**Administrasjonen: Vi har vurdert ulovlighetssaka igjen men det foregår ein diskusjon på sentralt nivå om kva som er lovleg eller ikkje av utleigeeining i einebustad. Vi vurderer parallelt anna lovverk for å sikre dei kommunale avgiftene, uavhenging av byggesaka.**

Ragnar Bratland, H:

- Det er stor frustrasjon hjå dei busette på Flatøy, dei meiner seg nedprioritert når kommunale vegar skal rehabiliterast og asfalterast.

**Administrasjonen: Skal for ordens skuld sjekke prioriteringslista for 2015. Svar: Vegane på Flatøy er prioritert i år og vegane er asfaltert d.d.**

Leif Johnsen, MDG:

- Blir Blom Fiskeoppdrett sin søknad om å flytte anlegget ved Hjertås ned til området sør for Holme, lagt fram for UDU?

**Administrasjonen: Ja.**

- Er det naturleg å revidere kommuneplanen ofte, eller må vi vente til den nye går ut?

**Administrasjonen: Kommunestyret vil få ei sak om planstrategi til behandling, der veljer dei kva for planarbeid som skal prioriterast i komande 4-års periode, medrekna kommuneplanarbeid.**

Atle Håtuft, FrP:

- Kva slags planar er det for arbeidet i Fossekrisset?

**Administrasjonen: Statens vegvesen byggjer ein undergang for å sikre fotgjengarkryssinga. Området er i praksis uregulert.**

- Driv kommunen og kjøper bustader?

**Administrasjonen: Ja, det er kjøpt to bustader for flyktningar no, i tråd med investeringsbudsjettet.**

- Kva er status for Framo si sak om utfylling:

**Administrasjonen: Det er gitt løyve til utfylling i område der det ikkje er tvil om reguleringsstatus. Når det gjeld saka om utfylling mot Gudmundsholmen, venter vi på tilbakemelding frå departementet.**

Per Kristian Holmetun, SP:

- Kva er status for reguleringsplanen for forretningstomta på Holme?

**Administrasjonen: Vi venter på tilbakemelding frå forslagsstillar, det har vore dialog med statens vegvesen m.o.t. kryssutforming og undergang.**

**UDU - 63/2015 VEDTAK:**

-----